



Arild Hansen  
Sagstadvegen 123  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4682 - 15/542

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
12.01.2015

## Godkjenning- Oppføring av garasje på gbnr 18/86 på Solhaug

**Administrativt vedtak. Saknr: 06/2015**

**Tiltakshavar:** Arild Hansen  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-2 motteke 12.12.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av garasje på 32 m2 BRA på gbnr 18/86 på Solhaug.

### VURDERING

#### Planstatus:

Eigedommen er i reguleringsplanen for Solhaug, gnr 18 bnr 14 m. fl. regulert til bustadområde. I reguleringsplanen § 2.1 om byggegrensing står det at nye bygg skal plasserast innanfor byggegrensa. Garasjen kjem i konflikt med byggegrensa. Reguleringsføreseggen § 2.1.2 gjer unntak for oppføring av garasjebygg plassert utanfor den regulerte byggegrensa. Tiltaket er i samsvar med reguleringsplanen.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i perioden 4.12 - 05.12.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Det ligg føre erklæring frå eigarar av fellesarealet på gbnr 18/14 på Solhaug om løyve til å oppføre garasje nærare felles eigedomsgrænse enn 4 meter.

Det ligg føre erklæring frå eigar av gbnr 18/12 om løyve til å oppføre garasje nærare enn 4 meter.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

#### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart motteke 12.12.2014. Tiltaket er i samsvar med reguleringsplanen.

#### Parkering og utandørs opphaldsareal:

Tillatt grad av utnytting på tomte (%BYA) er 30 %. Følgjeleg samsvarar tiltaket med reguleringsplanen.

#### Planløyvsning og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyvsning og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

#### VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av garasje på gbnr 18/86 på Solhaug, i samsvar med søknad motteke 12.12.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 12.12.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søker – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så langt det ikkje er gjeve unntak.»

#### Gebyr:

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

#### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
1886

**Mottakere:**  
Arild Hansen

Sagstadvegen 123 5918

FREKHAUG